



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Eyvin Sølsnæs
Telefon: 57643135
E-post: fmsfes@fylkesmannen.no

Vår dato
31.03.2016
Dykkar dato
10.02.2016

Vår referanse
2012/2157 - 561
Dykkar referanse
Erik Roland

Noregs vassdrags- og energidirektorat

nve@nve.no

Fråsegn til søknad om planendring for Brekkefossen kraftverk i Fjaler kommune

Vi viser til oversendinga datert 10.2.2016 med søknad om planendring for Brekkefossen kraftverk, og til vår tidlegare høyringsfråsegn datert 8.4.2014.

Utbyggar ønskjer å auke kapasiteten i kraftverket frå 4,2 til 5,0 m³/s, og dette utgjør ei auke frå 215% til 250% av middelvassføringa. Samtidig vil minste slukeevne auke frå 0,1 til 0,375 m³/s. Estimert årleg energiutbytte vil auke frå 8,8 til 9,3 GWh.

Vurdering

Brekkefossen er eit markert landskapselement ved inngangen til eit viktig friluftsområde både lokalt og regionalt. På grunn av dette vart prosjektet justert slik at om lag to tredelar av fossen vil liggje ovanfor inntaket. I konsesjonen er det vidare lagt til grunn at nivå på største slukeevne og minstevassføring skal leggje til rette for at vassdraget, inkludert den nedre om lag tredelen av fossen, skal ha att noko vatn og ein viss naturleg dynamikk også etter ei utbygging.

Fylkesmannen vurderte også fossestrekninga nedanfor det planlagde inntaket til å utgjere ein viktig del av landskapsverdien av Brekkefossen, og vi rådde difor frå at det skulle gjevast konsesjon til det justerte prosjektet som omfatta den nedre tredelen av fossen.

Ved å auke slukeevna til 250% av middelvassføringa, vil det verte færre døgn med overløp, slik at den naturlege dynamikken vert ytterlegare redusert. Dette vil redusere vassføringa i fossen i periodar med høg avrenning, og det vil verte større kontrast mellom den øvre og den nedre delen av fossen. Dette vil verte negativt for landskapsopplevinga og friluftslivet. Den relativt store auken i minste slukeevne for kraftverket, vil derimot føre til lengre periodar med vassføring høgare enn minstevassføringsnivå (dvs. mindre enn minstevassføring + minste slukeevne). Færre døgn med stor vassføring i fossen vil difor til ein viss grad verte kompensert av meir dynamiske vassføringstilhøve ved lågare vassføringar. Vi konstaterer at Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) har vurdert at endringa vil få små konsekvensar for naturmiljøet.

Konklusjon

Fylkesmannen meiner utifrå dette at planendringa vil vere uheldig for landskapsopplevinga og friluftslivet i Vassdalen. Det er også uheldig at det vert planlagt og søkt om endringar av viktige føresetnadar og vilkår som er lagt til grunn for å avbøte skade på allmenne interesser, etter at det er gjeve konsesjon. Høgare vassuttak i periodar med mykje vatn i elva vil likevel til ein viss grad verte kompensert, ved at det vert lengre periodar med vassføring moderat høgare enn fastsett minstevassføring. Vi konstaterer at endringa vil gje eit lite positivt energiutbytte, men vassutnyttinga vil verte høg samanlikna med det som er

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 65 33 02
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 82 17 77

E-post:
fmsfpost@fylkesmannen.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj

vanleg for småkraftprosjekt som får konsesjon i dag. Alt i alt er vi komne til at vi ikkje vil rå frå at planendinga vert godkjent.

Med helsing

Tom Dybwad
seniorrådgjevar

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

Kopi: Fjaler kommune